

Forum for natur og friluftsliv Agder
Postboks 101
4662 Kristiansand
e-post: agder@fnf-nett.no

Kristiansand, 08.03.17

Åseral kommune
Gardsvegen 68
4540 Åseral
e-post: post@aseral.kommune.no

Innspel til planarbeid og forslag til planprogram for kommunedelplan for friluftsliv Bortelid - Ljosland, Åseral kommune

FNF Agder er positive til en eigen kommunedelplan for friluftsliv på Bortelid og Ljosland. Her finn ein store, regionalt viktige friluftslivsområde med svært mange tilreisande, både sommarstid og vinterstid.


Gjennom planarbeidet kan ein få kartlagt friluftslivsverdiane i området, og ein kan få laga gode tur- og skiløyper som kan gje tilgang til friluftslivsområda utan å gå på kostnad av naturmangfaldet. FNF Agder meiner at naturvennleg tilrettelegging for friluftsliv i nærområda til både fastbuande og tilreisande kan vere aktuelt. Men ferdsel kan vere eit konfliktområde i forhold til villrein, og det må vere ein viktig faktor å ta med seg i det vidare arbeidet. Nokre formar for friluftsliv, til dømes sykling, kan føre til stor belastning på vegetasjon (NINA-rapport 1288 <http://www.miljodirektoratet.no/Global/NINA%20Rapport%201288.pdf>). I planarbeidet må ein ha mange tankar i hovudet samtidig, slik at ein finn gode løysningar for både friluftsliv og naturmangfald.

Innspel til planprogrammet – Organisering av planprosessen og medverknad (kap.6)

FNF Agder er glad for at kommunen ynskjer samarbeid med fleire aktørar. Organisasjonane i FNF Agder ynskjer å bidra til ein god plan på dei områda der det kan vere aktuelt. DNT Sør er særleg aktuell som samarbeidsaktør.

Innspel til planprogrammet – Framdrift (kap.7)

Åseral kommune legg opp til ein framdriftsplan på eit år. FNF Agder foreslår eit folkemøte i planprosessen, kor både innbyggjarar og hyttefolk kan få informasjon, stille spørsmål, og komme med innspel.



Camilla Moseid

Camilla Moseid

Koordinator i FNF Agder

for organisasjonene:

4H Agder

Agder botaniske forening

DNT Sør

Naturvernforbundet Vest-Agder

NJFF Vest-Agder

Norsk zoologisk forening Sørlandsavdelingen